

Piratpartiet i Sogn og Fjordane

## Beslag og destruksjon av mat - tilbakemelding på førespurnad frå Piratpartiet Sogn og Fjordane

Vi viser til dykkar e-post av 14. august 2015 om beslag og destruksjon av mat.

Mattilsynet har ansvaret for mattryggleiken i Noreg. Tollvesenet beslaglegg årleg omlag 22 tonn kjøtvarer. Dette er ulovleg innførte varer som ikkje kan sporast attende til produksjonsverksemda.

Tollvesenet har ikkje lov å selje eller omsetje varer og mat som kan utgjera ei fare for liv og helse. Då vi ved beslag av mat ikkje kjenner opphav eller korleis vara har vore teken vare på (f.eks. manglande kjøling eller at fryst vare har tina etc.), må varene destruerast etter gjeldande regelverk.

Omsetjing eller avhending av matvarer til fattige vil difor ikkje være aktuelt med mindre regelverket vert endra.

Med helsing

Liv Rundberget  
underdirektør

Bjørgulf Andersen  
Rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.